



PÅ RAUD GRUNN EIN
SØLV NAVAR-SPISS
SOM VENDER
NEDOVER

Våpenet er godkjent ved
kgl. res. 15.5.1987,
teikna av

Inge H. Rotevatn.
Navarsmiing har lange
tradisjonar i Meland.


Navar er namn på
lange spiralbor, trebor,
som òg vert kalla
tømmermannsbor.

Det har vore stor
produksjon av navarar
i Meland sidan tidleg
på 1800-talet.

Borsmedyrket er
krevande og symboliserer
eigenskapar som
skaparevne,
dugleik og flid.

MELAND

Det vanlege namnet Meland er laga til gno. meðal «mellom». Førsteleddet i Frekhaug er kanskje eit bortkome elvenamn i slekt med gno. freka «strengleik, hardleik» eller gno. frekr «grådig». Io, skrive «Hia» 1427, er usikkert. Ei tolking er «barlind». Håøyna inneheld gno. hár «høg». Førsteleddet i Fløksand kan setjast i samband med gno. flóki «flyndre, noko flatt». Gaustad er ei samansetjing med mannsnamnet gno. Gauti og staðir «bustad». Ådland, av eldre Årland, tyder «garden ved åa». Hopland er usikkert, mogleg ligg det til grunn eit eldre Hofslund «land som ligg til eit hov».



Kommunen har namn etter garden MELAND, som ligg mellom gardane Bjørnestad og Erstad i «kulturlandskapsdalen» frå Frekhaug til Fløksand, der den gamle hovudvegen mellom dei to bygdene gjekk. Kanskje er det denne dalen som i Bergens Kalvskinn kring 1320 blir kalla Mædaltz sokn.

Garden Meland har vore kyrkjestad sidan midten av 1200-talet. Stavkyrkja var i bruk fram til 1616. Då vart det bygt ny tømmerkyrkje på same staden. Den kyrkja som står i dag, vart bygd i 1866. Her finn vi eitt av dei sjeldne instrumenta til orgelbyggjaren Schulze frå Hannover.

Meland sokn låg under Hamre prestegjeld til det i 1885 vart ein del av det nye Alversund prestegjeld og kommune. Det kommunale sjølvstendet kom i 1923. Alversund kommune vart då delt; ein del av Holsnøy og litt av Askøy fekk namnet Meland.

Ved kommunereguleringane i 1964 overtok Meland Flatøy frå Hamre, samt Herdla sitt område nord på Holsnøy. Også eit utmarksstykke på Holsnøy, som tidlegare høyrde til Sæbø kommune på Radøy, vart ein del av den nye

kommunen. Samstundes vart Hanevik krins overført til Askøy kommune. På 1600-talet høyrde heile Holsnøy og heile Askøy til Herdla skipreide, med unntak av Flatøy, som låg i Alenfit (Olundfit) (®433).

Ein tur over Holsnøy viser eit innhaldsrikt kulturlandskap med mange spor etter historia; steinhus, terassemurar, sjøbruksmiljø og setegardar for kondisjonerte byborgarar. □

ELISABETH WELHAVEN (1815-1901), søster til diktaren, har skildra husa og folket på storgarden i boka «Staden og Stranden» (1879). I forteljinga «Sælsomme Folk» skildrar ho ei reise frå Manger til Bergen. Ho budde ei tid hjå søstera si Maren Sars på Manger prestegard. Det vart dårleg vør på reisa, og dei måtte søkja naudhamn på Frekhaug. Ho vart vel motteken av godseigaren og søstrene hans. Med humor skildrar ho kontrasten mellom skysskarane, to trauste radvøringar, og folka på Frekhaug, som minna om falma fossilar frå ei svunnen stordomstid.

Over hovudinngangen til hovedhuset er det oppført eit toppstykke – med elegant svungne konturar og monogrammet CH. Truleg er dette initialane til byggherren CORT ABRAHAMSEN HOLTERMANN.

